



Referat frå kommunemøte torsdag 30. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Fitjar kommune, Sunnfjord kommune, Samnanger kommune, Stord kommune og Tysnes kommune.

1. Informasjonssaker

Tidspunkt for kommunemøte

Frå neste veke (veke 19) vil vi ha eitt kommunemøte i veka. Møtet vil bli gjennomført på torsdagar kl. 13.30 til 14.30.

Deltidspersonell som risikerer trekk i dagpengar

Det har vore ei frykt for at deltidspersonell vil seie opp stillinga si i brann- og redningsvesenet, fordi dei risikerer tap av dagpengar når dei mister arbeidet, eller vert permittert frå hovudarbeidsgivar som følgje av covid-19.

DSB har gått ein runde med Justis- og beredskapsdepartementet om dette. Departementet seier at det ikkje vert gjort endringar i regelverket for dagpengar. Som ei mellombels ordning under pandemien vert kommunane oppmoda om å betale deltidspersonell som det er aktuelt for, eit tillegg som kompenserer for avkortinga i dagpengar som følgje av arbeidet i brann- og redningsvesenet. Kommunane vil verte kompensert for meirutgiftene til dette i samband med den heilskaplege kompensasjonen.

For å lese meir om dette sjå her: <https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/artikler/covid-19-informasjon-og-rad-til-brann--og-redningsvesen-og-110-sentraler/brann--og-redningsvesen-med-deltidspersonell/>

Gjennomføring av karantene om bord på fartøy

Osterøy kommune kontakta oss med spørsmål om mannskap som kjem frå utlandet kan gjennomføre karantenetida om bord på eit fartøy.

Sjøfartsdirektoratet seier i svaret sitt at all transport av varer og personar på sjø vert rekna som kritisk samfunnsfunksjon, og at dei dermed kan vere omfatta av unntaksreglane i § 6 i covid-19 forskrifta.

Kommunen (og Fylkesmannen) har i utgangspunktet ikkje ei direkte rolle i saker om karantene om bord på fartøy, utover det å gi smittevernråd. Det er opp til reiarlaget å vurdere kor viktig mannskapet er for å drive fartøyet, og om karantenetida kan gjennomførast på forsvarleg måte om bord.

Reiarlaget treng ikkje søkje dispensasjon, så lenge dei held seg til vilkåra. Om dei ikkje held seg til tiltaka, er det i prinsippet ei politisak.

For meir informasjon sjå retningslinjene frå Sjøfartsdirektoratet her:

<https://www.sdir.no/aktuelt/nyheter/retningslinjer-i-forbindelse-med-av--og-pamonstring-av-mannskap-i-norske-havner/>



2. Skule og barnehage

Onsdag 29. april fekk vi, saman med to andre embete, i oppdrag å kartlegge korleis gjenopninga av skulane for 1. - 4. trinn har fungert. Den gjennomgåande tilbakemeldinga er at elevane har møtt til opplæringa, at dei som ikkje har møtt inngår i rettleiarane sine kategoriar for elevar som skal halde seg heime (risikoutsette elevar eller familiemedlem), og at kommunane har oversikt og kontakt.

I tillegg til denne kartlegginga ønskjer departementet at det vert gjennomført ytterlegare intervju med eit lite utval kommunar. Her vil mellom anna spørsmål knytt til smitterettleiarane vere tema. I førre runde intervjuja vi Askøy kommune og Vestland fylkeskommune. Denne gongen ønskjer vi å snakke med Sunnfjord kommune, Alver kommune og Årdal kommune. Fylkesmannen tar kontakt med dei tre kommunane i løpet av måndag. Frist for å levere til Utdanningsdirektoratet er sett til onsdag 6. mai.

3. Oppfølging av innlegget om koronasenger i Sveio - etablering av samarbeid om koronasenger

Vi ser at det å gå saman i slike interkommunale samarbeid gir fleksibilitet, og ei anna ramme for å handtere eit større utbrot enn viss ein står aleine. Vi oppmodar fleire kommunar om å sjå på om det er aktuelt for fleire å gå saman i liknande samarbeid.

Døme frå Etne v/Hilde Høyland (kommunalsjef helse og omsorg)

Som det vart informert om på møtet måndag 27. april, har det interkommunale samarbeidet om koronasenger mellom Sveio, Bogn og Tysvær, og samarbeidet mellom Etne og Vindafjord, inngått eit samarbeid på tvers.

Vindafjord og Etne har oppretta ei felles kohortavdeling med koronasenger plassert i Etne. Kohortavdelinga hadde ein pasient inne i 10 dagar rundt påske. Gjennom dette gjorde dei to kommunane seg nokre viktige erfaringar. Det viste seg at det var ressurskrevjande å opne tilbodet og så lukke det igjen. Utfordringane er knytt til «rask» endring av arbeidsstad og turnus for tilsette, administrasjon av endringane for fleire tenester og økonomi.

Som ei oppfølging av erfaringane tok Etne og Vindafjord gjorde, tok dei kontakt med andre kommunar for å sjå om det var mogleg å inngå samarbeid med fleire for å redusere dei negative konsekvensane. Dette resulterte i samarbeidet med Sveio, Etne og Tysvær, som allereie hadde gått saman i eit interkommunalt samarbeid.

Avtalen går i grove trekk ut på at det første interkommunale samarbeidet som får ein smitta person inn i sitt tilbod, vil kunne ta i mot pasientar (opp til fem) frå det andre kommunesamarbeidet òg. Kommunen betalar for plassane den nyttar i tilbodet. Det er ikkje meininga at nokon skal tene på dette, men at ein skal gi eit godt tilbod, halde driftskostnadane nede og syte for mindre uro blant dei tilsette.

Det vil i utgangspunktet bli nytta personell frå dei kommunane som opnar sitt tilbod. Ved behov vil det bli gjort fortløpande vurderingar om det er behov for å supplere med personell frå det andre samarbeidet som har pasientar i tilbodet.



Kommunane ønskjer å vidareutvikle samarbeidet. Kommunalsjefane for helse og omsorg i kommunane på Haugalandet har tett kontakt og daglege møte for å diskutere felles problemstillingar og løysingar knytt til handteringa av covid-19.

Viss det er andre kommunar som ønskjer å vite meir om samarbeidet kan dei kontakte Hilde Høyland (Etne kommune) på e-post hilde.hoyland@etne.kommune.no og Ingunn Toft (Sveio kommune) på e-post ingunn.toft@sveio.kommune.no.

4. Oppretthalde beredskap og gjenopning av tenester

I tida som kjem vil det vere viktig å balansere det å skulle oppretthalde beredskap samstundes som ein gjenopnar tenester. Samstundes vil ein òg måtte legge til rette for auka testkapasitet.

Her var det planlagt presentasjon frå Øygarden kommune og Sogndal kommune, men grunna tekniske problem fekk vi ikkje gjennomført dette. Vi vil ta opp dette tema på neste møte.

5. Utviding av prøvetakingskapasitet for covid-19 i alle kommunar

Helsedirektoratet ber kommunane auke prøvetakingskapasiteten tilsvarande eit nivå av 5 % av innbyggjarane per veke. Sjå eige brev sendt ut til kommunane 24. april:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>

Som ei følge av utvida prøvetakingskapasiteten er lista over dei som er prioriterte for testing utvida. Utvidinga omfattar alle som lege mistenker har covid-19. For meir informasjon om dette sjå nettstaden til FHI: <https://www.fhi.no/nyheter/2020/testkriterier-utvides/>

For å sikre kompetanse og effektiv testing, og for å halde bruken av smittevernutstyr så låg som mogleg, oppmodar Fylkesmannen kommunane til å samle prøvetesting på få stader.

6. Prioritering i kommunale helse- og omsorgstenester under covid-19

Helsedirektoratet har laga eit eige notat med prioriteringsråd til sjukeheim og heimebaserte tenester. Råda i notatet vil kunne vere særleg aktuelle i fase 3 og 4 av epidemien. Enkelte tiltak som er omtalt i notatet kan vere sett i verk allereie i fase 2.

Kommunen har ansvar for å vurdere konkret kva prioriteringsråd og tiltak som skal brukast når. Tiltak skal planleggjast, men ikkje settast i verk før det er nødvendig av kapasitets- og smittevernomsyn.

For meir informasjon sjå brev sendt ut til kommunane 28. april:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>



7. Kartlegging av behov for testing av kommunens smittevernutstyr

Den pressa tilgangen på smittevernutstyr gjer at mange kommunar og helseføretak handlar utstyr frå leverandørar som dei ikkje kjenne frå tidlegare. Det har i media vore døme på forfalska varer og utstyr som ikkje held standarden som var lova.

Smittevernutstyr som vert levert ut til kommunane gjennom det nasjonale innkjøpet, vert på oppdrag frå Sykehusinnkjøp/HSØ testa og godkjent av Forsvarets forskingsinstitutt (FFI). FFI har gjennomført tiltak for å auke eigen testkapasitet, med det er usikkert om kapasiteten tilstrekkeleg til å tilby testing for kommunane.

Fylkesmannen er difor bedt om å kartlegge kor mange kommunar som har kjøpt utstyr utanom grossistar dei kjenner til frå før. Det vart sendt ut e-post til kommunane 29. april med svarfrist til måndag 4. mai kl. 09.00. Kartlegginga skal med i vår rapportering til direktoratet på tysdag.

Helse Bergen informerer om at helseføretaka, på tidlegare oppmoding frå Fylkesmannen, har utpeikt eigne kontaktpersonar som kan kontaktast for å få hjelp til innleiande vurderingar av slike leveransar.

8. Rapportering av smitteutbrot i Vesuv

Vi er kjent med at så langt i handteringa av covid-19, har VESUV/MSIS i litt ulik grad blitt nytta til å melde inn smitteutbrot. Det er i utgangspunktet ein plikt å melde inn utbrot, og det er såleis viktig at kommunane i den vidare handteringa syter for å gjere det.

I den vidare fordelinga av smittevernutstyr vil smittetrykket bli vektlagt. Registreringa i VESUV/MSIS vil danne grunnlaget for denne vurderinga. Viss det ikkje er rapportert inn smitte, vil det bli lagt til grunn at det ikkje er noko smitte.

Bømlo kommune trekker fram at dei syns at VESUV er eit krevjande system å få god oversikt i når ein nyttar versjonen som ikkje ligg inne i CIM. Fylkesmannen vil her understreke at vi kan støtte kommunar som i dag ikkje nyttar Vesuv gjennom CIM med å få sett opp dette.

9. Webinar om bruk av smittevernutstyr

FHI held webinar om smitteverntiltak ved covid-19 tysdag 5. og onsdag 6. mai. Webinarar er delt inn basert på tenester og vil haldast på følgjande tidspunkt:

- Fastlegekontor: tysdag 5. mai, kl. 11.00 – 12.00
- Sjukehus: tysdag 5. mai, kl. 13.00 – 14.00
- Heimesjukepleie: tysdag 5. mai, kl. 15.00 – 16.00
- Tannlegekontor: onsdag 6. mai, kl. 11.00 – 12.00
- Sjukehjem: onsdag 6. mai, kl. 15.00 – 16.00

For meir informasjon sjå kursoversikta til FHI: <https://www.fhi.no/om/kurs-og-konferanser---oversikt/>



10. Testutstyr til koronaklinikk

Austrheim kommune informerer om at aktiviteten på Mongstad vert trappa opp igjen med personell frå andre land. Det vil i den samanheng vere viktig å sikre at ein har tilstrekkeleg med testsett for å gjennomføre testing ved mistanke om smitte.

Helse Bergen stadfester at dei vil levere utstyr til testing til alle korona-klinikkar i sitt område, så lenge testkriteria til FHI vert følgde.

11. SMS-varsling

På møtet vart ønskje om å sjå på ei felles løysing for SMS-varsling løfta, enten i regi av kommunane eller om det kunne vore aktuelt for Fylkesmannen å ta på seg ei slik koordinering.

Fylkesmannen informerte om at det å få til ein nasjonal løysing på eit felles SMS-varslingsssystem har vore diskutert i mange år. Det er lite som tyder på at det vil kome ei nasjonal løysing snart. Det er positivt viss fleire kommunar vel å gå saman og på den måten få ned kostnadane.

Voss herad informerer om at dei nyttar eit lokasjonsbasert varslingsssystem frå Everbridge (tidlegare UMS). I dette varslingsssystemet kan ein raskt og enkelt sende ut melding til heile kommunen, eller delar av den. Ved siste utsending vart rundt 89 % av meldingane levert. Eit anna godt verktøy er at lokasjonsbasert varsling gjer det mogleg å få oversikt over kor mange SIM-kort og nasjonalitetar som er i eit gitt område. Dette gjer det mogleg å sjå på trendar med omsyn til kor mange som er i kommunen, til dømes før og etter hytteforbodet vart sett i verk.

Everbridge har sagt til Voss herad at viss fleire kommunar går saman om eit abonnement, vil det påverke prisen. Elles vil prisen variere ut frå kommunestorleik og innbyggjartal.

Bergen kommune informerte om at ved bruk av UMS til varsling av utanlandske SIM-kort, er det berre eit avgrensa tal abonnentar som får meldingane. Det skuldast truleg at meldinga vert blokkert av den utanlandske mobiloperatøren.